

**Eidsvik & Selstad Eigedom AS**  
**Børnes 4**  
**5463 Uskedalen**

**Kvinnherad kommune**  
**Rosendalsvegen 10**  
**5470 Rosendal**  
**Att. Forvaltningsutvalet**

**Uskedalen 13.05.2022.**

Saksbehandler: Natalie Martins Sæberg Deres ref 2022/1032 – 21 Brev av 09.05.2022.

**Førebels svar i klagesak – 134/85 – Uskedalen**

I brevet ber kommunen om at vi kjem med eventuelle nye suppleringar seinast 13 mai.

(Vedrørende klage på vedtak – 134/85 – Opparbeiding industriområde Børnes – Uskedalen 2021/2796)

Vedrørende klage frå Br. Hjønnvåg ved Marit Hjønnvåg, datert 08.04.22., og møtereferat 5 mai, etter møte mandag 2 mai, Saksbehandler Natalie Martins Sæberg, Deres ref 2022/1032-19.

Viser til vår uttale til klagen frå Hjønnvåg av 08.04.22. i e-post med brev og vedlegg 04.05.22.

**Møtereferat av 5 mai - tema planarbeid og pågåande byggesak / klagesak.**

Vi stiller oss undrane til at vi ikkje høyrer noko frå Hjønnvåg medan anleggsarbeidet pågår. Nye utspel og nye udokumenterte påstander blir formidla i etterkant ved merknader til våre nabovarsel og skriftlege klagar til kommunen.

Siste utspel er møte med byggesakskontoret 2 mai og nytt møte 6 mai med politisk og administrativ leiing i kommunen. Ut fra møtereferat av 5 mai kan ein få inntrykk at det meste som har skjedd i plansaka, søknader og igongsetjingsløyver er i strid med gjeldande planar.

Vidare kan ein få inntrykk av at Hjønnvåg har vore plaga med støv og støy samanhengande sidan 2013, og deira framtid på Børnes er usikker på grunn av det ytre miljø.

Ser ein på heimesida til Hjønnvåg mottar dei utmerkelsar for gode produkt og dei har ei stabil omsetning frå år til år.

Sidan vi ikkje har hatt møte med byggesak, politisk og administrativ leiing i saka må vi skriftleg formidla vårt syn i saka. Det er mange moment og i første del har vi ei punktvis oppstilling.

Andre del av vår uttale går meir i detaljer på det som står i møtereferat av 5 mai.

Supplerande punktvisse opplysningar til møtereferat:

1. Eidsvik Skipsbyggeri AS har vore på Børnes sidan 1945
2. Vedrørande § 3 i gjeldande reguleringsplan – Møtebok 28.01.00., sak 00/2022 – Kvinnherad kommune gjev Eidsvik Skipsbyggeri konsesjon på erverv av gnr. 134/85. Eigedommen skal nyttast til industri.
3. Omsøkt tiltak/igongsetjingsløyve er avklart i gjeldande reguleringsplan, gjeldande kommuneplan og samsvarar godt med førebels planutkast til ny reguleringsplan.
4. Det er ingen arealkonflikt mellom tilrettelegging og gjeldande planar for 134/85.
5. Omsøkt masseuttak er ikkje omfatta av minerallova, jf. § 3, andre ledd. Ref brev frå DMF 20.04.22.
6. Knusing av stein i forbindelse med vårt uttak har vore i ein kort periode, 4 januar – 9 februar 2022. Knusing i 19 dagar med tiltak som hindra støv frå knusinga. Førrige knusing av stein på Børnes ( på vestsida av vegen til tømmerkaien) var i mai 2019. Dette var andre aktørar og Br. Musland var ikkje involvert i den knusinga.
7. Tidlegare støvnedfallsmålingar ved knusing over lengre tid (14.05.18 til 25.05.19) på vest sida av vegen viste målingar verdiar som var langt under grensa på 5 g/m<sup>2</sup>. ( Lavaste 0,02 g/m<sup>2</sup> – høgaste 0,9 g/m<sup>2</sup>.)
8. Knusing vil vera av kort varighet – og blir utført ihht Forureiningsforskrifta kap 30.
9. Knusing på vårt areal, ca. 7.500 m<sup>3</sup> ( x egenvekt 2,5 t/m<sup>3</sup>) = 18.750 tonn kan knusast iløpet av ca. 5 arbeidsveker.  
Skal vi køyra 18.750 tonn til HardangerRock for knusing vert det 1442 turar på stor lastebil (13 tonn pr.lass) gjennom Uskedal sentrum, og så skal massane tilbake for planering av arealet.  
I tillegg får ein fleire omlastingar og bruk av anleggsmaskinar i forbindelse med knusing og lasting på bil for retur til Uskedalen. Dieselforbruk Børnes - HardangerRock ( 8,5 km x 1442 = 12257 km x 0,45 l/k) så vil ein bruka ca 5515 l diesel til snittpris kr. 18 – 20/l – Sum ca. kr. 100.000,- + tilsvarande på retur til Børnes. I tillegg kjem alle anleggsmaskinane og omlastinger.  
Hjønnevåg har påpeikt auka trafikkmengde og Kvinnherad kommune har som mål å bli ein Grøn kommune. Knusing på vårt område må etter vårt syn vera eit godt og fornuftig bidrag i arbeidet med å redusera skadelege utslepp og bli ein Grøn kommune.
10. Vårt sjønære areal er tenkt opparbeidd med kaier, haller og uteareal retta mot marine og maritime næringar. Arealet nærast vegen ned til tømmerkaien kan passa for ulike typar næring.
11. Vi har konkret forespørsel frå verksemd innan marin næring om sjønært areal tilrettelagt for haller og djupvannskai.

12. Kvinnherad kommunestyre, Vedtak av 25.03.21. Skal ein få næringsutvikling må ein tilretteleggja og opparbeida næringsareal.
13. Tilrettelegging av vårt sjønære næringsareal medfører ein periode med boring, sprenging, knusing av stein og tilhøyrande anleggsarbeid.
14. Ytre miljø med tanke på støy og støv er ivareteke med nasjonale forskrifter og regelverk.
15. Hjørnevåg har god drift og mottar prisar ut fra godt utført håndverk. Vi vil tru at det også tyder på at det ytre miljø er godt ivareteke, samstundes som det foregår anleggsarbeid på Børnes.
16. Vår anleggsaktivitet så langt har vore:
  - Mars 2019 – juli 2019 Felling av tre og reinsking/bortkøyning lausmassar.
  - 15 Januar 2020 – Juli 2020 Boring, sprenging bortkøyning av skotstein.
  - 4 januar 2022 – 9 februar 2022 Knusing og lagring på vår tomt 134/66.
  - 9 februar til 1 mai Sporadisk bortkøyning av knuste massar.
  - Det har ikkje vore samanhengande arbeid i ovannemte periodar.
17. Vi har tillit til at samrøystes vedtak i Forvaltningsutvalet 09.03.22., etter innstilling frå kommunedirektøren vert ståande, og at Hjørnevåg sin klage vert avvist. Det kan ikkje vera Hjørnevåg som skal styra det ytre miljø utover nasjonalt regelverk og forskrifter. Tilrettelegging av vårt næringsareal er i tråd med gjeldane planar, og ivaretar Hjørnevåg sine interesser for deira verksemd med tanke på ei framtid på Børnes.

.....

**Ut fra Hjørnevåg sine uttalar om planarbeid og pågåande byggesak vil vi nemna fylgjande:**

Det er ingen som har ekskludert Hjørnevåg frå referansegruppa. Marit Hjørnevåg har sjølv gjeve uttrykk for at ho var fornøyd med utkast til reguleringsplan då den skulle opp i PTM utvalet. Marit Hjørnevåg ville ikkje vera med på nye innspel/spørsmål frå referansegruppa med tanke på opparbeiding av SKV 2, rekkefølgekrav og vassforsyning til Børnes.

Hjørnevåg er den som vert minst råka av dei krav som måtte koma i ny reguleringsplan, med unntak av evt gang og sykkelsti forbi deira areal ned til tømmerkaaien. Som referansegruppe skal ein ivareta alle tomte eigarane sine interesser i Plansaka.

Hvis Hjørnevåg meiner at våre innspel er sendt inn etter frist, og at vår søknad og igongsetjingsløyve er i strid med gjeldande plan, får det stå for Hjørnevåg si eiga rekning.

Ut fra møttereferat av 5 mai stiller vi spørsmål ved Hjørnevåg sin vilje til å få ei positiv utvikling av området på Børnes, ihht godkjente planar, nasjonale forskrifter og føringar frå andre myndigheter.

**Vedrørande vår søknad og byggesak:**

**Igongsetjingsløyve trinn 1** ( Omtalt som trinn 1 og 2 i møttereferat av 5 mai )

**I vår søknad av 14.01.20. for trinn 1 viser vi til uttale frå plankontoret til byggesak:**



KVINNHERAD  
KOMMUNE

Seksjon kultur, næring og utvikling

Vår ref.: 2019/3169-12

Dato: 13.02.2020

Til: Jon Harald Kjærland


Frå: Anne Lise Næs

Planuttale - 134/85 - Planering - Industriområde Børnes - Uskedalen - Eidsvik  
Eigedom AS

Me viser til søknad av 14.1.2020, der det er søkt om byggjesteg 1 for planering av eigedom  
134/85.

### Om søknaden

Byggjesteg 1 utgjør om lag 7,8 da, og er markert grønt på situasjonsplanen under:




Det er planlagt å grovplanere steg 1 på tomte til kote +8. Massane som skal sprengast er berekna å vere om lag 40 m<sup>3</sup>, og dei skal delvis brukast på eksisterande tomt, og delvis seljast vidare til andre prosjekt i nærområdet.

### Planuttale

Omsøkt steg 1 samsvarar godt med kommuneplanen, og like eins finn me at steg 1 ikkje er i strid med gjeldande reguleringsplan frå 1978. Det er regulert inn ei rundkjøring med eit parkområde i midten, men me finn at det ikkje er noko i vegen for at dette arealet kan grovplanerast i samsvar med søknad, steg 1.

Me arbeider vidare med planutkast for revidert detaljregulering for Børnes næringsområde. Me er ikkje kome så langt i planprosessen at me har endeleg landa på planforslag med føresegner, men me har eit tidleg utkast.

Førebels planutkast og omsøkt steg 1, samsvarar i det store og heile godt med kvarandre. Me ser ei lita utfordring. Me planlegg å legge til rette for å kunne utvide breidda på eksisterande veg ned til Eidsvik Eigedom.



Ein bør difor ikkje sprengje nærare eksisterande veg enn 5 meter. Alternativt tilpasse seg høgda på denne vegen.

Profil som ligg til grunn for førebels planutkast samsvarar elles godt med søknaden, og søknaden for steg 1 er slik me vurderer det, ikkje i strid med gjeldande reguleringsplan.

**Suppleringar/merknader:** *Kursiv skrift er avsnitt frå møtoreferat av 5 mai og andre dokumenter i saka.*

**Vår søknad 21.09.21.:** ( Søknad om uttak ca. 30 000 m<sup>3</sup> )

I førebels svar frå Kvinnerad kommune 12.10.21. skriv saksbehandlar Torill Slåke:

.....  
«Det er pågåande reguleringsarbeid i området, og godkjenning av ny plan kan ta enno noko tid. søknaden må difor behandlast etter gjeldande plan.»

.....  
Plan spørsmålet er avklart i gjeldande reguleringsplan, gjeldande kommuneplan og i førebels utkast til ny reguleringsplan. Det er heller ingen reell arealkonflikt og i gjeldande reguleringsplan er vårt areal avsett til større industri. Vedrørande § 3 i gjeldande reguleringsplan:

«Type verksemd, utforming og plassering skal i kvart einskild høve godkjennast av bygningsrådet, som vil avgjera om verksemdar ein reknar med vil vera til særlege ulemper skal visast til fastsette stader av arealet eller til andre industristrok.»

Det samme framgår i møtebok datert 28.01.00., sak 00/2022 der det heiter:

«Kvinnerad kommune gjev Eidsvik Skipsbyggeri konsesjon på erverv av gnr. 134/85. Eigedommen skal nyttast til industri»

.....  
**Utklipp fra møtoreferat av 5 mai:**

«Det vert opplyst at aktør i området får ta ut stein utan konkrete planar for utvikling utanom det som er lagt fram i strid med gjeldande plan. Hjørnevåg AS etterlyser at kommunen skal sjå heilskapleg på saka, og kallar dagens drift eit pukkverk som søkjer om litt og litt og slik slepp unna konsesjon, og samanliknar det med at privatpersonar ikkje kan søkje om 10 og 10 m2 dersom den totale planen er i strid med regelverket.»

Basert på Planuttale frå planavdeling til byggesak 13.02.2020, kan vi ikkje sjå at vår tilrettelegging av næringsareal er i strid med gjeldane plan. Det er ikkje noko pukkverk, som søkjer om litt og litt og slik slepp konsesjon. Som nemt i vår uttale til Hjørnevåg sin klage av 08.04.22. har det vore knust stein i 19 dagar i perioden 4 januar – 9 februar 2022.

Omsøkt masseuttak er ikkje omfatta av minerallova, jf. § 3, andre ledd. Ref brev frå DMF 20.04.2022.

**Når det gjeld konkrete planar for vårt areal vil vi nemna fylgjande:**

1. Statsforvaltar har i sine uttalar til arbeid med ny reguleringsplan nemt at vårt areal bør rettast mot næringer som har behov for tilkomst sjøvegen.
2. Selstad AS har behov for meir uteareal og ny hall.
3. Våre planar vist i foto/3D viser området tilrettelagt for marine og maritime næringer.
4. Vi har forespørsel frå aktør innan marin næring om sjønært areal tilrettelagt for haller og djupvanns kai.

Sist men ikkje minst har Kvinnherad kommunestyre i møte 25 mars 21 gjort fylgjande vedtak:

**1. Kvinnherad kommune tek framlegg til regional plan for innovasjon og næringsutvikling til vitande, og gir uttale som vist i saksutgreiinga.**

**2. For at Kvinnherad kommune skal lykkest innan næringsutvikling er det to hovudmålsettingar som peikar seg ut:**

**Tilrettelagt og opparbeida næringsareal**

**Korte ned reisetida til og frå kommunen, samt internt i kommunen.**

**Tilleggssetning under samferdsel:**

**Det er viktig for vidare utvikling at det vert ei omlegging av transportsystemet frå veg til sjøtransport. Det vil styrka vestlandsindustrien si satsing på grøn maritim industri, samstundes som utfordringar med press på landevegane vert avhjelpne.**

«Det vert òg vist til innspel frå Hardanger Rock til plansaka.»

«Brødrene Hjørnevåg AS vil produsere trygge fiskekaker og ivareta tilsette og nærmiljø på best mogleg måte. Dei er lei for at planarbeidet ikkje er i mål og lei av å bli sett på som den vanskelege parten på Børnes når alt dei etterspør er eit ytre miljø som gjev gode forutsetningar for drift.»

HardangerRock kan vera ein mottakar for deler av skotsteinen på lik linje med andre entreprenører og utbygging av andre lokale næringsareal og prosjekt.

Som nemt i vår søknad og ihht løyve må delar av skotsteinen knusast på området som blir tilrettelagt. Det er fullt mulig å gjennomføra nødvendig arbeid med tilrettelegging av vårt næringsareal innanfor alle fastsette grenseverdiar for det ytre miljø.

Støy og støv:

«Dette er det verste med tiltaka og har vore eit problem sidan 2013. Hjørnevåg stiller spørsmål om

*støv og støymålingar som er framlagte kan reknast som fullgod dokumentasjon. og ein saknar oppfølging av dette. Ho er igjen klar på at alle ønskjer utviklinga, men utfordringa er måten det vert gjennomført på. Ho stiller òg spørsmål ved at administrasjonen har ei anna innstilling til saka no enn ved behandling av trinn 1.»*

.....  
Vi kjenner ikkje til alle detaljar frå 2013 og fram til i dag. I perioden 14.05.2018 til 25.05.2019 vart det grovknust og finknust stein utover dei 8 vekene som Forureiningsforskrifta kap. 30 har som grense for når ein må utføra støvnedfallsmåling. Denne steinknusinga var knytt opp til ulike prosjekt på vest sida av hovudvegen ned til tømmerkaiaen.

Veiteknisk Institutt stod for montering og oppfølging av støvnedfallsmålingar i hht. NS 4852:2010. og målepunkt på Hjørnevåg sin plen, rett utanfor produksjons bygningane. Nemt som Målepunkt 1 i vedlagte rapport av 22.08.2019.

*«Støvnedfallet beregnet i 30-dagers intervaller lå mellom 0,02 og 0,90 g/m<sup>2</sup> for målepunkt 1»*

### **Bakgrunn**

*Virksomheter som produserer pukk, grus, sand og singel med mindre enn 500 m til nærmeste nabo er pålagt gjennom forurensningsforskriftens §30-9 a) å registrere støvnedfall i henhold til NS 4852:2010. Støvnedfall skal måles i 30-dagers intervaller. Måleperioden skal vare minst et år og skal ikke avsluttes før målingene dokumenterer at kravene i forskriftens § 30-5 overholdes, dvs at støvnedfallet i ingen 30-dagers intervaller ligger over 5 g/m<sup>2</sup>.*

Som ein ser av rapporten ligg støvnedfallet langt under grenseverdier i Forureiningsforskrifta § 30-5. Dette er fullgod dokumentasjon og oppfølging i saka, og vi forventar at ein forheld seg til fakta og målingar utført av godkjent firma.

Grovknusing av skotstein på vårt areal i perioden 4 januar til 9 februar 2022 ( Knusing i 19 dagar ) har ein periode på mindre enn 8 veker og ingen krav til støvnedfallsmålingar.

For å ivareta hensyn til Hjørnevåg, andre nærliggjande bedrifter og naboar med tanke på det ytre miljø har vi gjort tiltak ihht Forureiningsforskrifta kap 30. Som nemt tidlegare har vi filma boring, sprenging og knusing for å ha ein dokumentasjon på at vi gjer tiltak ihht. gjeldande forskrifter.

Når det gjeld fleire næringsverksemdar på Børnes som ligg nærare enn 200 m frå eit mobilt knuseverk, så er ikkje desse omfatta av støygrensene i forureiningsforskrifta kap. 30. § 30-8 Støy fra sprengninger er unnateke bestemmelsane.

Med tanke på støy har vi utført målingar, ( godkjent støymåler ) som ligg godt innanfor støykrav frå Miljødirektoratet.

.....  
*«Marit Hjørnevåg ønskjer at kommunen tenkjer over det ho har lagt fram og kallar inn til eit nytt møte denne veka der ein får tilbakemeldingar frå kommunen. Er Hjørnevåg viktig for kommunen? Vil kommunen bidra til at det skal vere matproduksjon på Børnes i dag? Desse spørsmåla er avgjerande for om firmaet kan sjå ei framtid for seg på Børnes.»*

*«Hjørnevåg konkluderte for verksemda sin del at Kvinnherad Kommune ved administrasjon og særleg politikarane har ei plikt på seg til å gje gode forutsetningar i det ytre miljøet slik at Hjørnevåg kan fortsetje å produsere Livsglad mat frå Havet på Børnes, slik dei har gjort sidan 1948.»*

*«Hjørnevåg vil at byggesak i klagesaka vurderer inn følgjande:*

*-at søknaden vert vurdert som ein del av ein heilhet, slik at totalbildet kjem fram med utfordringar rundt dette*

-at det er stor skilnad på sprenging av stein og knusing/pigging og lagring av stein  
-at det er stor skilnad på nødvendig utsprenging av industriområde, og meir eller mindre kontinuerleg drift av eit pukkverk med sprenging, knusing, pigging og lagring av knuste massar -at tidsavgrensing av tiltak blir sett i samanheng i heilheten  
-at matproduksjon og steinknusing ikkje høyrer saman  
-at særleg støv-problematikken vert vurdert tilstrekkeleg  
-at utfordringa med at politikarane ikkje har vedtatt ny plan er krevande for området og også denne saka Hjørnevåg ynskjer at saka blir betre belyst slik at politikarane skjønar at rammevilkåra må på plass slik at eksisterande næringsverksemder, nærmiljø og byggesak får gode rammer i kvardagen sin.»

.....

Vi oppfattar deler av Hjørnevåg sine uttalelser (krav) i møte 2 mai, som eit «pressmiddel» ovanfor administrasjonen og politikarane, at hvis ikkje rammevilkåra blir slik dei ynskjer, så er dei usikre på si framtid på Børnes, og om kommunen vil bidra til at det skal vera matproduksjon på Børnes ?

Ein kan oppfatta Hjørnevåg sin argumentasjon som om det har vore kontinuerlig anleggsdrift og knusing med tilhøyrande støy og støv i heile perioden frå 2013 og fram til i dag. Dette er ikkje tilfelle.

Vi stiller oss undrande til at Hjørnevåg i sin argumentasjon og tidlegare klager ikkje tar inn over seg at det **ytre miljø er og blir ivareteke av nasjonale forskrifter.**

Hjørnevåg sin visjon er å vera den beste leverandøren av røykefisk og fiskemat på Vestlandet, og dei ynskjer å produsera Livsglad mat på Børnes.

Denne visjonen har dei oppnådd ved ulike utmerkelsar gjennom dei siste 20 åra:

Utklipp frå Br. Hjørnevåg si nettside:



Utmerkelsar:

NM i Sjømatprodukt

2001: 2. plass Fiskepudding  
2002: 2. plass Fiskekaker  
2004: 2. plass Fiskepudding  
2006: 3. plass Fiskepudding  
2008: 2. plass Fiskepudding  
2011: 2. plass Fiskepudding  
2011: 3. plass Fiskekaker  
2013: 1. plass Fiskepudding  
2013: 2. plass Gourmetburger  
2015: 2. plass Fiskekaker  
2018: 1. plass Fiskepudding  
2018: 2. plass Fiskeburger m ost og bacon  
2021: 1. plass Fiskepudding  
2021: 1. plass Varmrøkt krydderlaks

.....  
Kommunen:

«Kommunen er klar på at det er dramatisk å høyre at det er så ulike interesser i området og at det konkret til klagesaka som skal til behandling er administrasjonen sin jobb å synleggjere problemstillingane og dei ulike omsyna i saka.»

.....  
At kommunen må gjera ei vurdering av Hjønnvåg sine uttalelsar/inns spel har vi forståelse for, men ut frå dei faktiske forhold i saka stiller vi spørsmål om kor mange «omkampar» skal vi som tiltakshavar bli utsett for ?

Vi kan ikkje sjå at klagen frå Hjønnvåg av 08.04.22. og møtereferat av 5 mai ( møte 2 mai) inneheld nye opplysningar, som skulle endre på saka i forhold til klage frå Hjønnvåg av 07.01.21., som vart avvist i Forvaltningsutvalet 10.03.21.

Vi har tillit til at administrasjonen og politikarane opprettheld fylgjande:  
**Forvaltningsutvalet si behandling i møte den 09.03.2022:**

BEHANDLING:

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteken.

*Kvinnherad forvaltningsutval gjev med heimel i plan- og bygningsloven § 20-1, 3 løyve til tomteplanering fase 2 av inntil 30.817 m<sup>3</sup> fjellmasse på 134/85 i samsvar med innsendte snitt og situasjonsplan i søknad dat. 21.09.2021. Planeringa vil bli sett til kote +8 moh i samsvar med tidlegare søknad dagsett 17.11.2020.*

*Godkjenninga omfattar og tiltaksklassar og ansvarsrettar for firma Prosjekt Konsult Kvinnherad AS, Husnes; (SØK, PRO t.kl.1) og firma Br. Musland Maskin AS, Uskedalen; (UTF t.kl.1).*

**Vilkår:**

*1. Det skal i perioden med knusing av stein takast særleg omsyn til nærliggjande bedrifter, slik at det fører til minst mogleg ulempe i høve til støy og støv frå aktiviteten på eigedommen. Det må lagast ein framdriftsplan:*

*a: som viser at sprenging og knusing skal skje innanfor eit nærare avgrensa tidsrom.*

*b: storleik på uttak, mengde for kva som skal knusast på staden, nærare mengde for bortkjøring og kva som skal nyttast eller eventuelt lagrast på staden.*

*c: Risikovurdering og arbeidsvarslingsplan for trafikktilhøva.*

*2. Naboar/gjenbuarar må informerst ved oppstart og forventa avslutning i samsvar med framdriftsplanen.*

*3. Innmåling av ytterkant ferdig tomteplanering må sendes inn når tiltaket er ferdig.*

Vi kan ikkje akseptera at det er Hjønnvåg sine udokumenterte påstandar, som skal styra utviklinga på Børnes, og leggja rammevilkår for det ytre miljø på vårt areal 134/85. Vi er allerede påført store ekstrakostnader og forsinkelsar, og vil på det sterkaste be Hjønnvåg, at no må dei ta innover seg at dei kan ikkje stoppa vår tilrettelegging av godkjent næringsområde.

Med Venleg helsing

Eidsvik & Selstad Eigedom AS

*Svein Arne Eidsvik*

-----  
Svein Arne Eidsvik

Tlf 90160858